



MØTEPROTOKOLL

Arkivsak:

Løpenummer:

Utval: Formannskapet

Møtestad: Kommunesetnet

Møtedato: 19.06.2012

Tid: 13:00 -

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med §32 i kommunelova.
Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene i mail av 13.06.12.
Møtet vart kunngjort i ei avis.

Desse medlemene møtte:

Atle Kvåle, Ap
Birgitte H.O.Skibenes, SV
Hans S. Vindenes, Sp
Margunn Y. Samnøy (Sp)
Mikal Leigland (Sp)
Magne Djuvik, Frp.
Steinar Skår, H
Kristine Hjartnes, Frp

Forfall og møtande varamedlemar:

Asbjørn Heidal (Krf) hadde forfall.

For han møtte Anne Grete Gjerdevik (Ap) som vararepresentant.

Andre som var tilstade på møtet:

Rådmann Berit Fløisand
Kommunalsjef Øyvind Haga

Merknader til innkalling og sakliste:

Det var ingen merknad til innkalling og sakliste.
Det var ingen merknad til at ekstrasak 74/12 vart handsama.

Ordførar Hans S. Vindenes, Sp, leia møtet.

Evt. merknader til protokollen må sendast til Fusa kommune innan 14 dagar.

Eikelandsosen, 27. juni 2012

Hans S. Vindenes
Ordførar

Berit Fløisand
Ansvarleg sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
073/12	BUDSJETTPROSESSEN 2013 - 2016 - INFORMASJON OG DRØFTING.
074/12	ØYEBLIKKELEG HJELP DØGNTILBOD I FUSA KOMMUNE

073/12: BUDSJETTPROSESSEN 2013 - 2016 - INFORMASJON OG DRØFTING.

19.06.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Dokument vedr. pkt. 1-3 på dagsorden vart gjennomgått i møtet. Rådmannen viste også til Kostra-rapport 2010 utarbeidd av KS når det gjeld Pleie- og omsorgstenestene i Hordland. Denne skal ettersendast til formannskapet. Pkt. 4 vart drøfta. Følgjande fellesframlegg vart samrøystes vedteke:

- a) Pkt. 1-3 på dagsorden vart teken til orientering.
- b) Pkt. 4 på dagsorden - budsjettprosessen:
Budsjettkonferansen i november vert flytta til 10. og 11. september 2012.
Rådmannen må til dette møtet m.a. utarbeida følgjande kuttliste i 2 alternativ:
3,5 % innsparing og 5 % innsparing på brutto driftsrammer til einingane.
Kostnadane skal reduserast med nedbemanning, evt. også ved auka inntekter.
Ad-hoc utvala oppnemnt i K-sak 25/12 skal levera sluttrapport frå sitt arbeid i veke 35.

FOR-073/12 VEDTAK:

- a) Pkt. 1-3 på dagsorden vart teken til orientering.
- b) Pkt. 4 på dagsorden - budsjettprosessen:
Budsjettkonferansen i november vert flytta til 10. og 11. september 2012.
Rådmannen må til dette møtet m.a. utarbeida følgjande kuttliste i 2 alternativ:
3,5 % innsparing og 5 % innsparing på brutto driftsrammer til einingane.
Kostnadane skal reduserast med nedbemanning, evt. også ved auka inntekter.
Ad-hoc utvala oppnemnt i K-sak 25/12 skal levera sluttrapport frå sitt arbeid i veke 35.

074/12: ØYEBLIKKELEG HJELP DØGNLILBOD I FUSA KOMMUNE

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK 06.06.12:

Kommunestyret tilrår at Fusa kommune etablerer øyeblikkeleg hjelp (ØH)- døgnopphald frå 2012, i første omgang for 1 øyeblikkeleg-hjelp døgnplass. Det vert sendt inn søknad om midlar innan fristen 1. juli 2012. Tilbodet vert lokalisert ved korttidsavdelinga ved Fusa bu – og behandlingssenter (FBBS). Tilskotsmidlar på kr 919 00 vert nytta til auka sjukepleiekompetanse, legeteneste, utstyr og kompetanseheving.)

19.06.2012 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Saka vart teke opp i møtet.

Forslag til særavtale om øyeblikkeleg hjelp døgnopphald mellom Fusa kommune og Helse Vest HF vart delt ut i møtet.

Rådmannen fremja følgjande forslag til tillegg i tilråding frå formannskapet av 06.06.12: Fusa kommune godkjenner særavtale om øyeblikkeleg hjelp døgnopphald mellom Fusa kommune og Helse Vest HF slik han ligg føre.

Framlegget frå rådmannen vart samrøystes tilrådd.

FOR-074/12 TILRÅDING:

Fusa kommune godkjenner særavtale om øyeblikkeleg hjelp døgnopphald mellom Fusa kommune og Helse Vest HF slik han ligg føre.